


Kommunedelplan for kulturminne

~~Framlegg til planprogram~~ Planprogram



Innhald

Innleiing og bakgrunn for planarbeidet	3
Føremål	3
Føringar	4
Kulturarv	4
Nasjonale føringar	5
Regionale føringar	5
Planprosess	6
Organisering	6
Medverknad	6
Framdriftsplan	7

Innleiing og bakgrunn for planarbeidet

Kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap er viktige fellesgode i lokalsamfunnet. Dei skapar identitet og kan gje oss ei kjensle av å høyre til. Kunnskap om kulturminne opnar opp for bruk og opplevingar, dei kan òg vere gode ressursar for verdiskaping og samfunnsutvikling.

Ein kommunedelplan for kulturminne gjev kommunen større kunnskap og innsikt, og skal fungere som eit verkty og ressurs for undervisning, formidling, folkehelse, [vern](#), arealplanlegging, forvaltning og næringsutvikling.

Stord kommune var mellom dei fyrste i landet til å vedta ein bygningsvernplan allereie i 1991. Revidert og utvida utgåve vart vedteke i kommunestyret i 2009, i lag med kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø. Begge desse planane er forelda og det er trong for revidering og oppdatering. Revisjon av planane vart vedteke i planstrategien (2016). I dag er mange kulturminne vekke, hus er rivne og landskap er i stadig endring. Utbygging av ferdssårer, industrianlegg og byggefelt truar einskilde kultur- og bygningsmiljø. Det er difor trong for å oppdatere planane og trekke inn andre kulturminne, slik som døme på nyare byggestil og miljø og immaterielle kulturminne.

Føremål

Hovudføremålet med planarbeidet er å gje kommunen eit godt, oppdatert styringsdokument.

Planen skal gje føreseielege rammer for forvaltning av lokale kulturminne, kulturmiljø og kulturlandskap samt bygningsvern.

Revisjon av kommunedelplanen skal bidra til systematisk oppdatering, oppfølging og formidling av kulturminna.

Det skal utarbeidast ein forvaltningsplan, forankra i Plan- og bygningslova, med ein handlingsdel som [legg strategiar for og framhevar tiltak for formidling, bevaring, rettleiing og informasjon om](#) prioriterte kulturminne. Handlingsplanen må følgast opp og reviderast annakvart år.

Den nye, reviderte kommunedelplanen for kulturminne skal erstatte kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø og plan for bygningsvern frå 2009.

For samfunnet vil ein revidert kulturminneplan vere nyttig i form av å ha ein oppdatert oversikt over det Stord har av kulturminne.

Dette skal aktualisere grunnlaget for å formidle, og ta i bruk desse verdiane og denne kulturarva. Både barnehagar, skular, lokale lag og næringsliv kan dra nytte av dette.

For den einskilde eigar av kulturminne skal denne planen gje ei oversikt over kva bevaringsordningar som finst og kvar ein kan få tilgang på midlar og stønadsordningar, for å ta vare på kulturminna.

For kommunen skal planen vere eit nyttig verkty for å vurdere verdien av ulike kulturminne i samband med til dømes planarbeid og byggesakshandsaming, slik at viktige kulturminne kan ivaretakast.

Hordaland fylkeskommune og Riksantikvaren vil ha nytte av arbeidet som vert gjort med lokale kulturminneplanar, då dette vil danne grunnlaget for vern av kulturminne med nasjonal og regional verdi etter kulturminnelova.

Føringar

Kommunedelplanen for kulturminne vert utarbeidd i tråd med dei føringane som følgjer av plan- og bygningslova. Dette inneber mellom anna medverknad, offentleg ettersyn i minst seks veker, eigen handlingsdel og vedtak av plan i kommunestyret.

Riksantikvaren, Hordaland fylkeskommune og Stord kommunestyre har løyvd midlar til planarbeidet.

Kulturarv

Kulturarv kan seiast å vere heile den historiske plattformen som samfunnet står på. Dette skapar grunnlag for identitet og rotfeste, samstundes som det skapar forståing av at egne tradisjonar representerer noko verdifullt.

Kulturminne er spor etter menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, medrekna lokalitetar der det knyt seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til. Kulturminne er ein av fleire viktige identitetsberarar for eit lokalsamfunn, og bevaring av kulturminne har difor stor eigenverdi. Det er historia knytt til det levde liv som gjer desse spennande. Eit kulturminne kan til dømes vere gatemiljø, gardstun, setrer, bygningar, steingardar og mykje meir. Det er kulturminnelova som er førande for kva som vert definert som kulturminne i den offentlege forvaltninga. For den enkelte kan alt som minner om folk sine levde liv og virke, både i nær og fjern fortid, vere eit kulturminne.

Materielle kulturminne er faste og lause kulturminne, som til dømes bygningar, gravminne og båtar. I følgje kulturminnelova § 4 er det viktigaste kriteriet for freding av materielle kulturminne, alderskriteriet.

Immaterielle kulturminne kan til dømes vere dialekt, tru, tradisjon og handverk. Altså kulturminne som lever vidare som kulturytringar i skriftleg form, som eventyr, historie, song og dans.

Kulturmiljø er ein konsentrasjon av fleire kulturminne samla på ein stad.

Nasjonale føringar

Kommunal- og moderniseringsdepartementet publiserte i 2015 «Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging».

Sentrale forventningar til aktiv forvaltning av natur- og kulturminneverdiar er: «Kulturminner og kulturmiljøer er viktig for identitet og tilknytning, og er en viktig ressurs for næringsutvikling. De viktigste årsakene til tap eller svekking av kulturminneverdiene er økende utbyggingspress og manglende bruk av bygningsmiljøer, som følge av nedleggelse i tradisjonell industri og gårdsdrift.

Kommunene har hovedansvaret for å identifisere, verdsette og forvalte verneverdige kulturminner i tråd med nasjonale mål. Fylkeskommunen og Sametinget har ansvar for å ivareta de nasjonale kulturminneinteressene og bistå kommunene med veiledning.

Regjeringen bidrar med tilskudd til å ivareta kulturminner, natur og friluftsområder og bidrar til å styrke kunnskapsgrunnet gjennom kartlegging, forskning og formidling.»

Dei nasjonale måla for kulturminneforvaltninga er:

- Tapet av verneverdige kulturminne skal minimerast
- Eit prioritert utval arkeologiske kulturminne skal ha eit ordinært vedlikehaldsnivå innan 2020
- Eit representativt utval kulturminne og kulturmiljø skal vera vedtaksfreda innan 2020
- Freda bygg, anlegg og fartøy skal ha eit ordinert vedlikehaldsnivå innan 2020

Regionale føringar

Hordaland fylkeskommune sin regionale kulturplan, vedteken 11. desember 2014 skal leggjast til grunn både for verksemda til regionale organ, og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i Hordaland. Fylkeskommunen bidrar med kompetanse, ressursar og økonomisk tilskot til registrering og planarbeidet.

Planprosess

Organisering

Det er kommunestyret som har mynde til å vedta planen etter plan- og bygningslova, jf. § 11-15. Komité for næring, miljø og kultur har delegert mynde til å ta avgjersler fram til endeleg vedtak av plan.

Det er prosjektansvarleg, rådmann Magnus Mjør, som har overordna ansvar for planarbeidet.

Kulturtenester, ved leiar Herdis Elin Belsvik, har ansvar for å utarbeide kommunedelplan for kulturminne og bygningsvern.

Prosjektkoordinator Ragnhild Tveit har ansvar for den daglege framdrifta, økonomi og vidare rapportering.

Prosjektgruppa har ansvar for å delta i utforming av prosessen og planen.

Prosjektgruppe: Eining for regulering, byggesak og oppmåling (RBO): Yngve Sagvaag Lunde, Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor (SFLMK): Aase Rygg H. Nøttveit, Sunnhordland museum: Trine Kyvik, Stord sogelag: Jakob Gullberg, Kulturtenester: Ragnhild Tveit.

Referansegruppe: Hordaland fylkeskommune, Stord sogelag, arkeolog, frivillige og andre samarbeidspartnarar.

Medverknad

I arbeidet med kommunedelplan for kulturminne og kulturmiljø skal det leggst til rette for aktivitetar som kan skape interesse og engasjement.

Det skal leggst godt til rette for at innbyggjarar skal kunne gje innspel både skriftleg og munnleg. Det vert halde folkemøte, opne kontordagar og andre møtepunkt for å sikra best mogeleg medverknad og kjennskap til planarbeidet. I tillegg vil det verta invitert til møte med eigarar av kulturminne.

Nettsida kulturminnesok.no er ein database der dei som ynskjer kan registrere kulturminne, og på den måten hjelpe til med planarbeidet.

Prosjektgruppa vil ta i bruk sosiale media, slik som Facebook, for å nå ei breidd av innbyggjarane. [Ein vil og søkje å få nytta tradisjonelle mediekkanalar, slik som dei lokale avisene, for å setje fokus på kulturminnearbeidet.](#)

Tidleg involvering av innbyggjarar og relevante aktørar er viktig for forankring av planen og for at planen skal samsvare med innbyggjarane sine behov. Planen fylgjer ordinær prosess for kommunedelplanar etter plan- og bygningslova. Dette inneber at dei som

ynskjer kan komma med innspel både til innhald og prosess (planprogrammet)
 Planprogrammet ~~skal sendast~~har vore sendt ut på høyring samstundes med oppstart og
 kunngjering av planarbeidet.

Framdriftsplan

Fasar i planarbeidet	Framdrift
Vedtak om oppstart av planarbeid og offentlig ettersyn av framlegg til planprogram (NMK)	April 2019
Offentleg ettersyn av framlegg til planprogram	April – Juni 2019
Politisk V vedtak av planprogram (NMK)	September 2019 <u>Februar 2020</u>
Utarbeiding av framlegg til revidert kommunedelplan for kulturminne: -Innbyggarmedverknad -Folkemøter -Registrering og strukturering -Utarbeiding av kart, handlingsplan og plandokument	Hausten 2019 - våren 2020 <u>2020</u> Registreringsarbeidet vil byrje parallelt med handsaminga av planprogrammet
Politisk V vedtak om offentlig ettersyn av framlegg til kommunedelplan for kulturminne (NMK)	Våren 2020 <u>Desember 2020</u>
Offentleg ettersyn av framlegg til kommunedelplan for kulturminne	Våren 2020 <u>Våren 2021</u>
Vedtak av kommunedelplan for kulturminne	Hausten 2020 <u>Våren 2021</u>

Eksisterande planar kan lesast her:

<https://www.stord.kommune.no/kulturminne-kulturmiljoe-bygningsvern.6062638-426926.html>

